



# DEN NORSKE KYRKJA

Radøy sokn



## Årsmelding 2016

gjennom livet



# Årsmelding 2016

Soknet har tre kyrkjer.

- Hordabø kyrkje bygd i 1875
- Manger kyrkje bygd i 1891
- Sæbø kyrkje bygd i 1884

Radøy sokn leiger også Emigrantkyrkja på Sletta til gudstenester og kyrkjelege handlingar. Stiftinga Vestnorsk Utvandringssenter eig Emigrantkyrkja.

## Soknerådet



Leiar	Gunnar Kartveit
Nestleiar	Grethe Lunde
Biskopen sin representant	Kjell Johan Sekkingstad
Medlemmer	Sølvi Helen Kvalheim Mjøs
	Silje Kristin Ellingsen
	Tore Morland
	Kristen Kvalheim
	Per Bjørkhaug
	Kirsten Skage Mellingen
1.vara	Mona Steiner Brekkan
2.vara	Martine Haugland
3.vara	Roald Hvidsten
4.vara	Unni Hansen Marøy
5.vara	Bjarnhild Nordanger Myhre
Representant for Radøy kommune	Else Marie Dale
Vararepresentant Radøy kommune	Kirsti Gjetle Floen

Radøy kommune sin representant i soknerådet har stemmerett i dei sakene som går fram av §14 i kyrkjelova. I hovudsak gjeld det anlegg og drift av kyrkjer og gravplassar, samt personalsaker for alle kyrkjetilsette. Per Bjørkhaug har hatt permisjon frå 01.09. 2016. 1.vara Mona Steiner Brekkan møter som fast representant i hans fråvær. Prestane har Bjørgvin bispedømeråd som arbeidsgjevar.

Viktige hendingar for soknerådet i 2016:

- Integrering av flyktningar
- Stabilisering av Manger kyrkje
- Fest for gjenopning av Manger kyrkje og 125-års-jubileum, med Karl Kolstad, Jon Askeland, Helge Sandvik og Radøy Damekor som viktige aktørar
- Utval for diakoni og misjon er oppnemnd
- Styrking av gjevartenesta
- Møte med tilsette
- Sett i gang arbeid med namna minnelund
- Sett i gang arbeid med Katarina-ikon i Manger kyrkje
- Leiar, nestleiar og dagleg leiar deltek i drøftingar om kyrkja i samband med samanslåing med Meland og Lindås

## Administrasjonsutval & forhandlingsutval

Frå arbeidsgjevar	Gunnar Kartveit
	Grethe Lunde
	Kirsten Skage Mellingen
Frå arbeidstakarane	William Kay
	Hilde Marit Solend

Administrasjonsutvalet har ikkje hatt møte i 2016.

Radøy sokneråd har vedtatt at soknerådet sine medlemmer i administrasjonsutvalet, også utgjer Radøy sokn sitt forhandlingsutval. Forhandlingsutvalet har hatt eit møte og hand-sama éi sak i 2016.





## Årsmøte

Møtet vart halde i Manger kyrkje søndag 13.mars etter gudstenesta, og det vart servert lapskaus i kyrkjestova. Leiar i soknerådet orienterte om årsmeldinga og arbeidet i kyrkjelyden. Frammøtet var godt og det var eit vellukka årsmøte.


## Tilsette

Audun Sylta	Dagleg leiar	100%
Arne Palmesen	Arbeidsleiar kyrkjegardane	100%
Anbjørn Vindenes	Kyrkjegardsarbeidar	100%
Willem Vogelaar	Trusopplæringskoordinator	100%
John William Kay	Organist I	80%
Hilde Marit Solend	Kontorfullmektig	50%
Berit Karin Vogelaar	Kyrkjetenar	55%
Marta Grønstad Hvidsten	Kyrkjetenar	20%
John William Kay	Rådgjevar	20%
Jūratė Norkuvienė	Dirigent Radøy damekor	20%
Frode Skag Storheim	Organist II	15%

## Statstilsette

Kjell Johan Sekkingstad	sokneprest
Marianne Støylen Skauge	prostiprest

## Fordeling av stillingsressurs



- Drift av kyrkjegardane & kyrkjebygg
- Administrasjon, fellesrådsoppgåver m.m.
- Kyrkjemusikk
- Kyrkjetenar
- Trusopplæring

## Kyrkjeleg årsstatistikk

### Offer, innsamlingar og gåver

	2015	2016
Offer/kollekt i kyrkjene	kr. 206 000	kr. 180 466
Til eiga verksemd	kr. 58 539	kr. 53 331
Gjevartenesta	kr. 11 241	kr. 46 472
Andre innsamlingar (t.d. basarar, fasteaksjon)	kr. 257 370	kr. 235 319
Til eiga verksemd	kr. 174 963	kr. 159 061

## Økonomi

Den lokale kyrkja er ei eiga juridisk driftseining. Kyrkjeøkonomien er likevel i hovudsak kanalisert gjennom kommunen, jf. Kyrkjelova §15. Prestetenesta er finansiert av staten via Bjørgvin bispedøme. Lønsumgifter til prestane er såleis ikkje med oppsettet.

Ser vi bort frå dei statslønna prestane, får den lokale kyrkja i hovudsak inntektene sine via kommunen. Vi får også overført kr. 561 820 frå Bjørgvin bispedøme for å dekkja utgifter til trusopplæring. Andre inntektskjelder er:

- Leigeinntekter
- Festeavgifter
- Gåver og kyrkjeoffer til eiga drift
- Godtgjersle for tenester


Samla inntekter for 2016 er på kr. 6 717 863. Av dette er kr. 4 178 600 driftstilskot frå Radøy kommune. Kommunen sin del av inntektene er 62,2% av dei samla driftsinntektene.

Soknet har ein stabil, men ikkje romsleg økonomi. For 2016 syner rekneskapen overskot på kr. 242 898 (rekneskapen er ikkje ferdig revidert). Ut frå at soknet ikkje har som mål å bygga store reservar er dette eit tilfredstillande resultat. Vi ynskjer derimot å nytta midlane for å få mest mogleg kyrkje og tenester ut frå tilgjengelege midlar.

### Driftsrekneskap

Inntekter	2015	2016
Brukarbetaling, salg, avgifter og leigeinntekter	kr. 657 330	kr. 920 852
Refusjonar og overføringar	kr. 411 829	kr. 343 438
Tilskot frå stat, bispedøme og andre kommunar	kr. 817 222	kr. 779 363
Rammeoverføring, eigen kommune	kr. 4 133 000	kr. 4 178 600

	2015	2016
Innmeldingar	1	2
Utmeldingar	10	13
Døypte/Døypte busett i soknet	61/54	46/37
Konfirmerte	67	57
Vigslar	12	7
Gravferder	43	51
Gudstenester på søn- og helgedagar	66	64
Tal deltakarar på desse	6762	5777
Gudstenester utanom søn- og helgedagar	7	9
Tal deltakarar på desse	833	1063
Gudstenester i kyrkjene i soknet	69	70
Andre stader enn i kyrkjene	4	3
Gudstenester med nattverd	25	33
Tal nattverdsgjestar	892	1031
Familie- og barnegudstenester	4	5
Tal deltakarar	418	492
Gudstenester for barnehage og skuleborn	5	7
Tal deltakarar	728	908
Gudstenester på julaftan	4	4
Tal deltakarar	808	851



• Ø Gudstenestedeltakarar    — Trend    — Antall gudstenester med nattverd  
• Ø nattverdsgjestar         — Trend



Andre tilskot, g�aver, innsamla midlar	kr. 387 459	kr. 495 610
<b>Sum inntekter</b>	<b>kr. 6 406 839</b>	<b>kr. 6 717 863</b>
<b>Utgifter</b>	<b>2015</b>	<b>2016</b>
L�n og sosiale utgifter	kr. 4 030 358	kr. 4 114 056
Kj�p av varer og tenester	kr. 1 869 454	kr. 1 760 230
Refusjonar og overf�ringar, g�aver, prosjekt	kr. 505 573	kr. 465 399
<b>Sum driftsutgifter</b>	<b>kr. 6 405 385</b>	<b>kr. 6 339 685</b>
<b>Brutto driftsresultat</b>	<b>kr. 1 454</b>	<b>kr. 378 178</b>
<b>Finansinntekter og finansutgifter</b>		
Renteinntekter og utbytte	kr. 56 113	kr. 52 383
Renteutgifter og l�neomkostningar	kr. -43 532	kr. -36 833
Avdrag p� l�n	kr. -198 133	kr. -150 000
<b>Netto finansinntekter/-utgifter</b>	<b>kr. -185 552</b>	<b>kr. -134 450</b>
<b>Interne finansieringstransaksjonar</b>		
Bruk av bundne fond	kr. 175 530	kr. 19 400
Avsatt til bundne fond	kr. -11 044	kr. -20 230
<b>Meirforbuk / Mindreforbuk</b>	<b>kr. -19 613</b>	<b>kr. 242 898</b>

Rekneskapen er f rt av Real  konomi. Nordhordland Revisjon IKS har utf rt revisjonen. Samarbeidet med rekneskapsf rar og revisor har vore godt.

## Gjevarteneste



Sokner det oppnevnte i 2014 ei gruppe som skulle arbeide med soknet si gjevarteneste. Det er laga ei eiga brosjyre som har vorte delt ut og sendt ut som innstikk i Radar. Arbeidet har s  langt f rt til at vi har f tt 28 gjevvarar som kvar m nad gjev ein fast til barne- og ungdomsarbeidet i kyrkjelyden. Ein kan velje mellom tre summar; 89, 150 eller 300 kroner i per m nad. Midlane var f rst tenkt   finansiere ei deltidsstilling, men s  langt vert pengane nytta til spesielle tiltak innanfor trusoppl ringa. Vi hadde ogs  i 2016 stand p  torgdagen p  Manger i juni for   gjera ordninga kjent, men det ser ut som at det m  arbeidast med over tid for   gje resultat.

## Internasjonalt arbeid

### Fasteaksjonen

Fasteaksjonen var i 2016 tirsdag 15.mars. Det var med 56 konfirmantar og rundt 35 konfirmantforeldre. Andre vaksne i kyrkjelyden og nokre fjor rskonfirmantar var og med som b sseb rarar og sj f rar. Utdeling av b sser fra dei tre kyrkjene. Nokre trufaste medarbeidarar organiserar og lagar lister over roder. Det vart samla inn kr. 80 078.



## Kyrkjelyden sitt misjonsprosjekt

Soknerådet valgte i 2012 “Menighetsplanting i Estland” som sitt misjonsprosjekt. Årleg sum som skulle overførast var minimum kr. 15 000. I 2016 har misjonsprosjektet vore offermål ved 6 gudstenester. Det kom til saman inn kr. 17 628.

## Minnegåver

Vi har mottatt kr. 100 000 i arv fra Klara Dagny Nordgaard som gåve til Manger kyrkje. Så langt har vi nytta kr. 27 410 til kjøp av ny prosjektor i kyrkja.

Minnegåve etter Margun Taule, kr 9 370, har vore med å betale for nye lys ved Hordabø kyrkje.

## Kyrkjene



Hordabø kyrkje vart vigsla 5.august 1875 og hadde 140-årsjubileum i 2015. Kyrkjelydsutvalet har i 2016 bedt om at det vart sett opp lampar på vegane inn til kyrkja. Utvalet har vore svært aktivt med konsertar, loddsal og basar for å sikre finansieringa. Elles har vi hatt problem med dreneringa med den følgje at det har kome vatn inn i kjellaren. Nye grøfter på vestsida av bygget ser ut til å ha løyst problemet.

Elles har vi bygd nytt reidskapshus på Hordabø. Prosjektet starta i 2014 og var ferdig på hausten

2016. Arbeidet har vore utført med egne tilsette.

Manger kyrkje har vore i vinden også i 2016. Kyrkja vart vigsla den 27. oktober 1891 og fylte 125 år i meldingsåret. Dokument frå Manger sokneråd syner at det allereie under bygginga var mange diskusjonar rundt konstruksjonen. Kyrkjeskippet tok ganske snart til å til å gje etter og bygget har fleire gonger vore vurdert i forhold til stabilitet – sist i 2014, men også i 2003 og 2006.

Manger kyrkje er listeført og etter at Riksantikvaren og Bjørgvin bispedøme hadde gjeve dei nødvendige løyve kunne arbeidet starte. Radøy kommune sette av midlar til stabilisering av kyrkja i budsjettet for 2016. Soknerådet gjorde i september 2015 vedtak om å stenge kyrkja ved sterk vind og gudstenesta 1.påskedag 2016 måtte flyttast til Sæbø kyrkje grunna melding om sterk vind.

Etter at benkane var transportert til Manger Fiskemat sine lokale vart kyrkja stengt 1.mai. Alt anna inventar som kunne flyttast var også rydda vekk. Første gudstenesta etter stenginga var minnegudstenesta om kvelden søndag 6.november.

Kyrkja er no stabilisert med stålkonstruksjonar og trefiberplater som er bolta fast i gavlane for å hindra at den vert skeivare. Den er også forankra med stålpelar til fjell. Radøy kommune løyvde pengar til utbetringa og arbeidet er no slutført innanfor ramma på 7,5 millionar som vart stilt til rådvelde. Entreprenør Helge Sandvik og Multiconsult har saman med kommunen sin byggeleiar også sørga for at arbeidet vart godt utført og ferdig i rett tid.

Helga laurdag 19. og søndag 20.november var det festhelg i kyrkja. Vi markerte at kyrkja hadde 125-årsjubileum og no var opna etter eit omfattande stabiliseringsarbeid. Laurdagen tok to av oldeborna til byggmeisteren, Jon Askeland og Karl Kolstad oss med inn i den unike fortellinga om det som skjedde med bygginga. Søndagen var preika ved ordførar Jon Askeland.





Sæbø kyrkje har vorte svært fleksibel etter at benkane vart skifta ut med stolar. Den kan såleis nyttast til fleire føremål enn før. Varmepumper gjer og at den er rimeleg å varma opp. Kyrkjeforeininga har vore ei solid støtte for kyrkja gjennom mange år og i 2016 har dei søkt om og fått godkjent ein del mindre endringar av inventaret i kyrkja. Så langt er det kjøpt inn steamer som skal erstatta oppvaskmaskina på kjøkkenet.

## Gravplassane

Soknet forvaltar seks gravplassar. Forvaltning av gravplassar krev svært langsiktig planlegging og på sikt er det er trong for å omregulere felt på dei fleste av plassane. Soknerådet har gjort vedtak om at det ikkje skal takast i bruk nye graver på enkelte felt på gravplassane. Reguleringa gjeld også nedsetjing av urner. Bandlegginga er meint å redusere trongen for å ta i bruk nytt areal.

## Trusopplæring

Gudsrikeleiken er ein av dei viktigaste komponentane i vårt fornya trusopplæringsarbeid. Gudsrikeleiken er ein metode som har sitt utspring i den katolske “Gode hyrde katekese” og Montessori pedagogikken. Norsk Lærerkademi har tilpassa metoden til norske (Lutherske) forhold.

Gudsrikeleiken hjelper born til å utforska trua si gjennom forteljing, undring og leik i sitt eige tempo. Dei røynslene som born gjer i møte med forteljingane førebur dei til deltaking i det liturgiske livet i kyrkja. Fram til no har vi utarbeidd nærare 60 av dei 90 forteljingane i Gudsrikeleiken. Det vakre med denne metoden er at born sjølv kan oppdage kva Gud seier gjennom desse forteljingane. Når Guds folk vandrar i ørkenen så er borna der også og opplever noko av det Guds folk opplevde. Den raude tråden i Gudsrikeleiken startar med skapinga, syndefallet og forteljinga om storflaumen og arka. Snart er vi i ørkenen og følgjer Abraham sin familie. For å formidla ørkenforteljingane bruker vi ein sekk sand som er litt av ørkenen. I ørkenen skjer det mykje viktig for Guds folk: vi følgjer Abraham til det nye landet, Guds folk til Egypt og vidare gjennom Sivsjøen der vandringa i øydemarka starta. Dei får dei ti bod (vi bruker ein stor stein som er Sinaifjellet) og dei vert lagde i ei lita kiste som er kalla for ark. Arka får eit telt og slik reiser Guds folk vidare. Slik kjem vi til advent og forteljingane som høyrer til adventstida. Vi har også ei rekke forteljingar til fastetida (utdrag av Jesu liv som sluttar ved påskeforteljinga) og påske (sju møter med den oppstandne Kristus som sluttar ved pinse).

## Breiddetiltak



Noko av tiltaka er store og skjer berre ein gong i året, til dømes Lys Vaken. Dette er for 11-åringar og vert feira fyrste helga i adventstida. I 2016 vart 29 born (73%) med på Lys Vaken og overnatta i kyrkja frå laurdag til søndag. Vi



hadde mange aktivitetar på laurdagen og var med på gudstenesta på søndag. Eit liknande arrangement er Tårnagenthelg for 8-åringane som hadde 24 deltakarar (56%). Agentane fekk mange spanande oppdrag og mysterie som dei måtte løyse, blant anna utforska kyrkjjetårnet og klokkene. På søndag tok dei aktivt del i gudstenesta.

Eit nytt arrangement i år var Pysjamasfest for 3-åringane i samarbeid med barnekantoret. Ti 3-åringar dukka opp i pysjamas med kvar sin kosebamse, for å vere med på song, dans, bibelforteljing og kveldsmat.

Utdeling av 4-årsbok er ein årleg tradisjon i Radøy. I 2016 tok 38 born imot boka (78%). Vi starta med samling på laurdag, der fireåringane fekk møte presten og den bortkomne sauene. Vi sang og åt laurdagsgraut. På søndag hadde vi gudsteneste med utdeling av bøker.

I fjor fekk 5-åringane invitasjon til "Gudsrikeleiken". Vi hadde 15 samlingar med mellom anna ørkenforteljingar og kveldsmat. Det kom mellom 15 og 20 born på kvar samling. Dei fyrste 8 samlingane hadde vi i Tingstova då kyrkja var stengt grunna rehabilitering. Stenginga førte også til at nokre andre tiltak, som hausttakkefest og pilegrimsvandring for born, vart avlyst.

Kyrkjelyden delte ut nytestamente til 11-åringane som òg i etterkant fekk invitasjon til "La det gro!". Dette er eit opplegg der dei lærer meir om Bibelen, korleis ein finn fram i Bibelen osv. Sju born var med på denne samlinga som vi hadde på bedehuset.

Det var 57 ungdommer (100%) som var med på konfirmasjonsførebuinga og tre av konfirmanntane vart døypte. Vi hadde 8 undervisningssamlingar der vi brukte Kristuskransen. Kransen har 9 deler: Gudesperla, dåpsperla, ørkenperla, gledesperla, kjærleikspylene, dei hemmelege perlene, nattperla og oppstodeperla. Kvar perle har eit undervisningsemne knytt til seg, samt ei bibelforteljing frå Gudsrikeleiken. Vi starta kvar konfirmanntime med bøn og song, og avslutta med lystenning, bøn og song. Vi var også på leir og hadde samtalegudsteneste, i tillegg til sjølve

konfirmasjonsgudstenestene.

I år hadde vi hjelp av 7 gode konfirmanntleiarar (fjorårskonfirmanntar) som hjelpte til både i undervisningstimar og på leir. Dei fekk også 6 timar med leiartrening.

## Diakoniarbeidet



### Soknerådet sitt diakoniutval

Leiar	Per Bjørkhaug
Øvrige medleamar	Gunnar Kartveit, Ove Hjelmland, Marta G.Hvidsten, Kjell Sekkingstad.
Tal møter	5

Utval for diakoni vart nedsett av soknerådet i 2016 og fekk i oppgåve:

1. Å laga oversyn over tiltak Radøy i dag har innanfor dei fire hovudområda:

- Nestekjærleik
- Inkluderande fellesskap
- Vern om skaparverket
- Kampen for rettferd

2. Koma med framlegg til nye tiltak.





# Informasjonsarbeid

## Kyrkjebladet Radar



I 2016 kom Radar ut med 4 nummer. Bladet går ut til alle husstandar i kommunen. I tillegg vert bladet sendt til andre som ynskjer å få det tilsendt. Radar er finansiert med frivillege gåver (bladpengar) og annonseinntekter frå det lokale næringslivet.

## Nettsider og sosiale media

Internettsidene våre bruker fellesplattforma til Den norske kyrkja og vert oppdatert regelmessig. Sidene tilpassar seg automatisk mobil, nettbrett og PC og oppfyller krava til universell tilgjenge. Via nettsidene tilbyr vi elektronisk tinging av dåp, samt påmelding til konfirmant-tida og ulike trusopplæringstiltak. Det er også lagt ut mykje nyttig informasjon til brurepar, sjølv om elektronisk tinging av vigsel enno ikkje er på plass.

Fagsystemet Kardinal gjer det enkelt for oss å kommunisere med mindre og større grupper, t.d. dei ulike konfirmantgruppene, anten via SMS eller epost.

Radøy sokn er på plass på "Kyrkjebakken", intranettløsninga til Den norske kyrkja. Her er vi framleis i startfasen, men ser gode moglegheiter som samhandling via arbeidsrom og Sharepoint.

Kyrkjelyden har også ei Facebookside som vi bruker for å spreie informasjon om kva som skjer i soknet på ein rask og effektiv måte. Det

er òg mogleg for dei over 320 personane som "liker" oss på Facebook å kontakte oss på denne måten.

## Kyrkjemusikk

### Konsertar

	2015	2016
Konsertar arrangert av soknet	7	5
Konsertar arrangert av andre	8	10

Det har igjen vore fleire gode konsertopplevingar i kyrkjene i 2016. Stenginga av Manger kyrkje førte til ein reduksjon i konsertaktiviteten, og det er gledeleg at vi no har kunne teke kyrkja i bruk att. Snittdeltakinga på konsertar arrangert av soknet var 138 personar. På konsertar arrangert av eksterne leigetakarar var snittet 101.

### Radøy damekor

#### Alder: 18 år og oppover



Dirigent	Jūratė Norkuvienė
Pianist	J. William Kay
Leiar	Elin Irene Klausen
Kasserar	J. William Kay
Styret	Geirunn Valdernesnes, nestleiar Berit H. Kongestøl, sekretær Karen Magrete Lervik Kristin Kleveland, VO-kontakt Kristi Juvik Nybø Anne Karin Fjeld, 1.vara Ingrid Agnethe Sævdal, 2.vara
Medlemstal	19
Sum inntekter	kr 70 299,60
Sum utgifter	kr 48 342,62

Driftsoverskot	kr 21 956,98
Saldo i bank pr 31.12.2016	kr 110 464,41

### Forsongartenesta i kyrkja

Koret har stilt med forsongarar til 10 gudstenester i år. I tillegg er nokre medlemmar pluss Jurate med i den faste forsongartenesta i Manger kyrkje. Utover dette var heile koret med på minnegudstenesta i november.

### Andre aktivitetar og arrangement

- Nyårskonsert i Birkeland kirke
- Konsertprosjekt saman med Fedjekostane
- Song på Idrett- og kulturgalla 22.04.2016
- Sommarkonsert på Velferdssenteret
- Song på kyrkjebasaren på Manger
- Korkafé på Fedje
- Øvingshelger vår og haust
- Song på 125-årsjubileum for Manger kyrkje
- ”Syng jula inn” med damekoret og gjestar

I tillegg til å dirigere damekoret er Jurate også med som fast pianist når prestane held andakt på Velferdssenteret. Ho stiller også som organist når Frode og William ikkje kan.

### Sæbø barnekor

Alder: 4 – 9 år

Dirigent	Silje Kristin Ellingsen
Kasserar	Gunn Terese Haukeland
Medlemstal	15
Sum inntekter	kr 10 197
Sum utgifter	kr 1003
Driftsoverskot	kr 9194
Saldo i bank pr 31.12.2016	kr 15 576,73

Koret øver annankvar onsdag i Sæbø kyrkje frå 18-19. Vi syng og har det kjekt ilag, med ein liten pause med noko å bita i (som frukt, kjeks eller lappar). Vi er med på nokre gudstenester og eventuelt basar og liknande.

### Hordabø barne- og minikantori

Alder: 3 – 7 år

Dirigent Sølvi Helen K. Mjøs

Medlemstal 25

Me samlast onsdagar i Hordabø kyrkje kl.17 for ein halvtime med song. Borna må ha fylje av ein vaksen, som ventar i benken. Sesong frå haust til påske.

### Kyrkjelydsutvala

I kvar av dei tre kyrkjene er det eit kyrkjelydsutval som skal støtta opp om og ta initiativ til aktivitetar i kvar kyrkje. Ei viktig oppgåve er å vera til hjelp slik at folk skal kjenna seg heime og trivast i kyrkjene.

I kvart utval er det med ein prest, og ein frå soknerådet. I tillegg vel kyrkjelyden nokre medlemmer. Kyrkjelydsutvala er uformelle arbeidsgrupper. Dei fører ikkje eigne rekneskap, men får dekkja utgiftene sine av soknerådet.

### Sæbø kyrkjelydsutval

Medlemar Silje Kristin Ellingsen, Britt Sissel Kvamme, Britt Jorunn Tjore, Marianne Støylen Skauge

Tal møte 4

Me har også dette året arrangert tysdagstreff i Sæbø kyrkje: Tapaskveld i januar som me pleier, og elles har Marianne prest og vikarprest Helge Hitland hatt tema på samlingane i vår. I haust har me fått fleire med oss for å arrangere tysdagstreffa, og det er no ei eiga gruppe som jobbar med dette. Me hadde besøk av Rune Øystese på treffet i oktober, og i slutten av november var det adventsverkstad i kyrkja, der Anna Hella Kartveit var med oss.

Kyrkjelydsutvalet har elles hatt ansvar for utkøyring av blomelhelsing før jul. Me har også hatt i oppgåve å finne kyrkjevertar og ansvarlege for kyrkjekaffi til gudstenestene i Sæbø kyrkje.



## Hordabø kyrkjelydsutval

Leiar	Ludvig Grindheim
Medlemar	Irene Soltveit, Sølvi Helen Kvalheim Mjøs, Arve Martin Haugland, Per Bjørkhaug og Kjell Sekkingstad
Tal møte	4, har handsama 12 saker
Sum inntekter	kr 70 811
Sum utgifter	ca. kr 20 000
Saldo i bank pr 31.12.2016	ca. kr 117768

Det har vore den vanlege aktiviteten: Fasteaksjon, påske, vårkonsert med Manger Old Star, friluftsgudsteneste i "Katedralen", kyrkjebasar og utdeling av blomar til dei over 80 år. I tillegg har me kjøpt inn 4 lampar langs vegen inn til kyrkja. Dei vart montert før det vart skikkeleg mørkt. Dei er stilt inn slik at dei vert tende når sola går ned, og sloknar når sola står opp – og det funkjar! Kjekt å gå til kyrkja på kveldstid.

## Manger kyrkjelydsutval

Kyrkjelydsutvalet har ikkje vore så aktivt det siste året, men har vore med og levert ut blomehelsing til dei eldre i kyrkjelyden.

## Kyrkjeforeiningane

I tilknytning til kvar kyrkje er det ei kyrkjeforeining. Dette er grupper som har som mål å samla inn pengar til opprustning av kyrkjene og i enkelte høve til spesielle tiltak i kyrkjelyden. Kyrkjeforeiningane har gjennom ei årrekke gjort ein flott innsats. Foreininga på Hordabø er for tida ikkje aktiv.

## Sæbø kyrkjeforeining



Leiar	Maria Fjellsende
Nestleiar	Magnhild Askeland
Kasserar	Åshild Storheim
Styremedlem	Gudrun Storheim
Medlemstal	4
Sum inntekter	kr 54 250,00
Saldo i bank pr 31.12.2016	kr 435 638,85

## Manger kyrkjeforeining

Leiar	Astrid Hagen
Kasserar	Berit Grindheim
Sum inntekter	kr 34 277,00
Saldo i bank pr 31.12.2016	kr 82 347,71

Vi har hatt 6 møter i foreininga. Då kyrkja har vore stengd har vi hatt møte på prestekontoret, med om lag 4-8 medlemar.

Vi har gjeve kr 10 000 til Radøy damekor slik at dei fekk kjøpe nytt digitalt piano til Velferdssenteret. Vi har også kjøpt ca. 100 eksemplar av Egon Askvik si bok "Kyrkjefolk", som er delt ut til dei frivillege i kyrkjelyden. Dessutan har dei to prestane fått kvar si bok. Foreininga har også finansiert eit ikon av Skt. Katarina til Manger kyrkje, malt og laga av Marit Kartveit.

Foreininga ynskjer nye medlemar frå heile soknet velkomne! Vi har møte ein gong i månaden.





Fylg med på det som skjer i kyrkjelyden!

Internett: [www.kyrkja.no/radoy](http://www.kyrkja.no/radoy)  
Facebook: [facebook.com/radoysokn](https://facebook.com/radoysokn)



**DEN NORSKE KYRKJA**

Radøy sokn

Utgjeve av Radøy sokn • Grafisk utforming: J.William Kay

